



# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 med investeringar

IKA Møre og Romsdal IKS



## Innhold

1.	Årsbudsjett 2024 og økonomiperioden 2024-2027.....	3
1.1	Årsbudsjett og økonomiplan.....	3
1.2	Årsbudsjett 2024.....	5
1.3	Årsbudsjett 2024 investeringar.....	6
1.4	Økonomiplanperiode 2024-2027.....	6
1.5	Økonomiplan investeringar 2024-2027 .....	7



# 1. ÅRSBUDSJETT 2024 OG ØKONOMIPERIODEN 2024-2027

## 1.1 Årsbudsjett og økonomiplan

I samsvar med selskapsavtalen skal Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal vere ein regional arkivinstitusjon knytt til heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Selskapet skal vere arkivdepot og arkivfagleg kompetanseinstitusjon for eigarane. Selskapet skal forvalte, formidle og styrke arkiva til eigarane, og med dette bidra til måloppnåing av føresetnader og intensjonar i arkivlova.



- Offentlege organ etter [arkivlova § 2](#) pliktar å halde [arkiv](#).
- Offentlege organ skal avlevere eldre og avslutta arkiv til [arkivdepot](#). Arkivet skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er sikra som informasjonskjelder for notid og framtid.
- Rom som offentlege organ nyttar til arkivlokale skal gi arkivmaterialet vern mot skade frå vatn og fukt, brann og annan skadeleg varme, og mot skadeleg påverking frå klima, miljø og skadedyr. [Lokalet skal òg verne arkiva mot skadeverk, innbrot og uautorisert tilgang](#).

Selskapet leverer i tillegg tenester innan personvernforordninga til 24 eigarar, og tenestene som er politisk lagde til selskapet: Senter for digitisering av kulturarven, Fylkesfotoarkivaren og fylkeskoordinerande tenester innan Privatarkiv, finansiert gjennom driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Årsbudsjettet er sett opp i samsvar med formålet beskrive over og med forventa bemanning og aktivitetsnivå for 2024. Selskapet ønsker i 2024 å starte opp det heilt nødvendige og tidlegare varsla arbeidet med å kontrahere og detaljprosjektere nytt arkivbygg med innflytting seinast hausten 2026. Jf. representantskapsak 16/23.

Prosjekta *Sikre arkiv for framtida og depotreforma* er sett i gang for å løyse kortsiktige og langsiktige depotbehov for IKAMR sine eigarkommunar. IKAMR har sidan etableringa i 2000 vakse frå 3 til nærare 30 tilsette. I perioden 2010-2023 har omsetninga auka frå 8 mill. til 33 mill. Store delar av veksten har kome gjennom stadig aukande ansvarsområde, oppdragsmengde og prosjektportefølje frå eigarane. Hausten 2023 har det derfor blitt starta eit omfattande organisasjonsdesignprosjekt med formål å rigge organisasjonen for framtidig tenesteleveranse og det vil påverke budsjettet for 2024 med nærare 1 mill.

I dei komande åra forventar vi å ta imot nærare 17 000 hyllemeter (hm) med arkivmateriale frå eigarane våre i tillegg til dei eksisterande 13 000 hm av totalkapasitet på 15 000 hm i dagens arkivdepot. Vi har, som følge av auka mottak av arkiv frå eigarane, flytta ut ca. 2000 hm i ei mellombels løysing slik at vi kan oppretthalde drifta fram til vi er på plass i nytt bygg. Det medfører auka kostnader til husleige i perioden fram til 2027.





Samtidig inneber den aukande mengda deponert materiale ei auka arbeidsbelastning på handtering av arkivmaterialet, medrekna ein betydeleg auke i antal innsyn. Sidan selskapet tek over jobben frå eigarane med innsyn i materialet blir det behov for fleire rådgivarar for å handtere den auka oppdragsmengda. Behovet for fleire stillingar vil først gjere seg gjeldande i budsjett frå 2026.

Prosjektporteføljen for ordningprosjekt for eigarane er sterkt aukande. Inngåtte kontraktar utgjær nærmare 43 millionar i perioden frå 2023 fram til 2033. Selskapet planlegg å utvide produksjonen slik at vi har kapasitet til å gjennomføre inngåtte avtalar innanfor nominert tidsramme. Dagens lokale tillet ikkje utviding av tenesta og ein del av dei tilsette har i dag lokale som ikkje tilfredsstillar krava i arbeidsmiljøloven. Vi har fått tilbod om å leige delar av lokala til Seksjon ABM (Møre og Romsdal fylkeskommune). Vi har budsjettert med leige av lokale til ordningsprosjekt og til personvernombodstenesta (PVO). Desse kostnadene blir dekte gjennom prosjekt og gjennom eksisterande kontingent for PVO. Leiga vil derfor ikkje påverke driftskostnadene til IKAMR.

Følgande tiltak er planlagde for 2024:

- Starte forprosjekt / gjennomføre dialogkonferanse for nytt bygg gjennom:
  - o Innhenting av innkjøps- og tidleg fase-kompetanse
  - o Gjennomføre dialogkonferanse for offentleg/privat samarbeid for eit nytt bygg
  - o Finansierast gjennom lånemidlar 2 mill.
- Gjennomføring av organisasjonsdesignprosjektet vedtatt i 2023 med ekstern konsulenthjelp. Kr. 800 000 i 2024. Blir dekt gjennom bruk av midlar som er spara opp.
- Auke antal faste stillingar på prosjektavdelingane. Skal finansierast gjennom fakturerbar inntekt på prosjekt.
- Leige kontorlokale til ordningsavdelinga i 3. etasje i Kirkegata 10B. Skal finansierast gjennom fakturerbar inntekt på prosjekt.
- Undersøke moglegheita for å leige kontorlokale til personvernforordninga i 3. etasje i Kirkegata 10B. Skal finansierast gjennom ordinær kontingent for tenesta.

Budsjett er gitt form i samsvar med [«Forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper»](#) §2, Vedlegg A

(Sjå årsbudsjett på neste side.)



## 1.2 Årsbudsjett 2024

Inntekter	Generell drift	Kulturnett	FylkesFoto	SEDAK	Privatarkiv	Personvern	Budsjett 2024	Regnskap 2022
Salgsinntekter	-7 750 000	- -	16 000 -	15 000 -	70 000	- -	7 851 000 -	7 701 336
Refusjoner	- 15 205 000	-	- -	200 000 -	399 000 -	3 463 000 -	19 267 000 -	18 229 837
Komp. Merverdiavgift	-	-	-	-	-	-	- -	1 713 157
Overføringer fra fylkeskommuner	- -	597 400 -	1 201 998 -	1 236 000 -	515 000	- -	3 550 398 -	3 324 000
Renteinntekter bankinnskudd	- 300 000	-	-	-	-	- -	300 000 -	276 956
Bruk av disposisjonsfond	- 432 250	-	-	-	-	- -	432 250 -	971 083
Bruk av bundne fond	- 750 000 -	189 100 -	23 552 -	339 000 -	7 500 -	100 000 -	1 409 152 -	539 212
<b>Sum inntekter</b>	<b>- 24 437 250 -</b>	<b>786 500 -</b>	<b>1 241 550 -</b>	<b>1 790 000 -</b>	<b>991 500 -</b>	<b>3 563 000 -</b>	<b>32 809 800 -</b>	<b>32 755 581</b>
<b>Utgifter</b>								
Lønn og sosiale kostnader	13 368 000	566 000	1 007 500	1 153 000	840 000	2 593 500	19 528 000	18 834 635
Husleie	4 000 000	50 000	50 000	160 000	50 000	300 000	4 610 000	3 508 090
Kjøp av varer og tjenester	6 828 000	170 500	184 050	477 000	101 500	669 500	8 430 550	6 619 800
Finansutgifter	241 250	-	-	-	-	-	241 250	160 348
Overføring til investeringsregnskapet	-	-	-	-	-	-	-	163 399
Merverdiavgift utenfor mva-loven (komp)	-	-	-	-	-	-	-	212 230
Avsetning til disposisjonsfond	-	-	-	-	-	-	-	1 333 556
Avsetning til bundne fond	-	-	-	-	-	-	-	1 922 404
<b>Sum Utgifter</b>	<b>24 437 250</b>	<b>786 500</b>	<b>1 241 550</b>	<b>1 790 000</b>	<b>991 500</b>	<b>3 563 000</b>	<b>32 809 800</b>	<b>32 754 462</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- -</b>	<b>1 119</b>

(\*1 Rekneskapstal for 2022 er nytta som samanlikningsgrunnlag)



### 1.3 Årsbudsjett 2024 investeringar

Investeringar	2024
Sikre arkiv for framtida - Forprosjekt	2 000 000
Oppgradering av server og SAN-løysingar	250 000

### 1.4 Økonomiplanperiode 2024-2027

Økonomiplanen tek utgangspunkt i ei auka bemanning innan prosjektavdelingane. Denne skal finansierast gjennom ein årleg estimert auke i fakturerbar inntekt frå inngåtte kontraktar på kr. 2 mill. Det er budsjettert med ein gjennomsnittleg auke i kontingenten frå eigarane på ca. 3 % i 2024-2025. 4,8 % frå 2025-2026 grunna ein auke i antal rådgivarstillingar arkiv for å handtere auka innsynsmengde. Frå 2027 kan vi forvente ein betydeleg auke i husleigekostnader i forbindelse med innflytting i nytt bygg. Størrelsen på denne auken er avhengig av leigeavtalen som blir inngått i forbindelse med OPS-prosjektet for nytt bygg.

Budsjett i økonomiperioden 2024-2027:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Regnskap 2022
Salgsinntekter	- 7 851 000	- 10 050 000	- 10 050 000	- 11 050 000	- 7 701 336
Refusjoner	- 19 267 000	- 19 560 000	- 20 500 000	- 31 200 000	- 18 229 837
Andre driftsinntekter	-	-	-	-	
Komp. Merverdiavgift	-	-	-	-	- 1 713 157
Overføringer fra fylkeskommuner	- 3 550 398	- 3 800 000	- 3 900 000	- 3 900 000	- 3 324 000
Renteinntekter bankinnskudd	- 300 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 276 956
Bruk av dispisjonsfond	- 432 250	- 400 000	- 700 000	- 700 000	- 971 083
Bruk av bundne fond	- 1 409 152	- 500 000	- 490 000	- 490 000	- 539 212
Sum inntekter	- 32 809 800	- 34 560 000	- 35 890 000	- 47 590 000	- 32 755 581

Utgifter	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Regnskap 2022
Lønn og sosiale kostnader	19 528 000	22 260 000	23 000 000	23 300 000	18 834 635
Husleie	4 610 000	4 250 000	4 300 000	15 000 000	3 508 090
Kjøp av varer og tjenester	8 430 550	7 700 000	8 200 000	8 840 000	6 619 800
Finansutgifter	241 250	370 000	390 000	450 000	160 348
Overføring til investeringsregnskapet	-	-	-	-	163 399
Merverdiavgift utenfor mva-loven (komp)	-	-	-	-	212 230
Avsetning til dispisjonsfond	-	-	-	-	1 333 556
Avsetning til bundne fond	-	20 000	-	-	1 922 404
Sum Utgifter	32 809 800	34 560 000	35 890 000	47 590 000	32 754 462
	-	-	-	-	
Netto driftsresultat	-	-	-	-	1 119



## 1.5 Økonomiplan investeringar 2024-2027

Vi går inn i ein fase med omfattande investeringar i nye lokale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal. Blir ei OPS-løysing valt vil den økonomiske risikoen og investeringsbehovet til selskapet i hovudsak vere knytt til utstyr, inventar og innreiing.

Investering 2024-2027

	2024	2025	2026	2027
Sikre arkiv for fremtida - Forprosjekt	1 500 000	500 000		
Inventar og utstyr		0	3 000 000	3 000 000



# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling